

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 16.08.2021
SAKSHANDSAMAR: Arne Skjelten
SAKA GJELD: **Bierverv i Helse Førde - status**

ARKIVSAK: 2020/6085

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
01.09.2021

STYRESAK:
052/2021

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek administrerende direktør si orientering om bierverv i Helse Førde til vitende.

Bakgrunn for saka

Våren 2015 vart det gjennomført internrevisjon av arbeidet med bierverv i føretaka i Helse Vest i samsvar med vedtatt revisjonsplan.

Hovudkonklusjonen frå revisjonen var at Helse Vest har retningslinjer og system for praktisering av regelverk for bierverv, men at intensjonen om å ha eit system for registrering av bierverv som sikrar ei fullstendig, gjennomsiktig og lik behandling av bierverv ikkje var fullt ut realisert. Internrevisjonsrapporten, og tilrådde tiltak for oppfølging i føretaka, vart handsama i styret i Helse Vest RHF, sak 086/15 og i styra i føretaka i Helse Vest.

Styret i Helse Førde HF slutta seg til føreslått oppfølging av revisjon bierverv i sak 055-2015A. Føretaket har etter dette innlemma tiltaka i arbeidet med bierverv. Styret har sidan 2016 hatt årleg handsaming av status for bierverv i Helse Førde, samt tiltak og aktivitetar knytt til dette.

Oversikt bierverv i føretaket

Det vert jamleg sendt ut rapportar til klinikkdirektørane om søkte/melde bierverv ved alle einingar i føretaket med spørsmål om dette gir eit rett bilde av status for bierverv ved den aktuelle eininga. I tillegg ber vi klinikkdirektørane oppmode om at dersom nokon ikkje har søkt om bierverv så vert det gjort, og minner om å ta opp bierverv i medarbeidarsamtaler.

Bierverv er òg lagt inn som emne i førebuing til medarbeidarsamtale i kompetanseportalen. Sidan det for dei fleste ikkje er krav om gjennomføring av medarbeidarsamtale oftare enn annakvart år, vil mest truleg effekten av dette ikkje kome til syne før etter ei stund.

Hausten 2018 sette styret i Helse Førde bierverv som tema på dagsorden, og bad administrasjonen sikre at det vart gjort nok for å få registrert rett tal bierverv i systemet. Blant tiltaka som vart foreslått og har vore arbeid med sidan, er:

- Utarbeide eit eige informasjonsskriv – ei side – som skildrar kva bierverv kan vere, døme på bierverv og kva som bør registrerast
- Informasjon i MIN GAT (der lønnslippene ligg) om registrering av bierverv
- Tema på leiarsamling i Helse Førde
- Inn som tema i leiarutviklingsprogrammet
- HR rådgjevarar deltar med informasjon i klinikkråd, avdelingssjefsmøte og enkelte avdelingsmøte
- Ny artikkel på intranett
- E-post til alle leiarar i Helse Førde om at det er viktig å registrere bierverv

Etter iverksetting av fleire av tiltaka over, samt utsending av rapportar med påfølgande påminning frå leiarane, har talet på medarbeidarar som har meldt bierverv auka dei siste åra.

Frå uttak rapport/sak i styret 2020 til ny rapport medio august 2021 har det kome til følgjande nye søknader om bierverv i kvar klinikk:

- Kirurgisk klinikk - 13 nye søknader om bierverv frå 13 tilsette
- Medisinsk klinikk - 6 nye søknader om bierverv frå 5 tilsette
- Psykisk helsevern - 4 nye søknader om bierverv frå 3 tilsette
- Stab og støtte – 5 nye søknader om bierverv frå 3 tilsette

I same periode har nokre bierverv gått ut (godkjenningsperioden er passert – søknadsperioden er ikkje utvida).

Per i dag er det samla meldt 137 bierverv, mot 131 ved sist teljing.

Det er 106 medarbeidarar som har registrert bierverv mot 99 medarbeidarar ved sist teljing.

Talet har auka kvart år sidan 2015 då det var registrert 64 bierverv i Føretaket.

Det er ikkje gjort endringar i retningsliner eller praksis for handtering av bierverv.

Meldingar frå arbeidstakar i meldings- og sakshandsamingssystemet gir ikkje eit godt nok grunnlag for å kategorisere bierverva i alle tilfelle. Under følgjer oversikt over dei ulike grupperingane som nye søknader om bierverv (24 stk) for perioden august 2020 til og med juli 2021 er sortert/registrert i.

Andre føretak i Helse Vest	1
Andre offentlege helseføretak	4
Anna	8
Ikkje helseretta verksemd	4
Offentleg/ privat ikkje helseretta verksemd	0
Primærhelseteneste	3
Privat ideell helseretta verksemd	2
Privat kommersiell helseretta verksemd	0
Privat legekantor m/allmennpraksis	0
Universitet/ høgskule	2
Verksemd med driftstilskot frå Helse Vest	0

I desse tala ligg også søknad for perioden som enno ikkje er godkjent/handsama.

Oppsummering

Rapportar viser auke i tal registrerte bierverv i 2021 samanlikna med 2020. Det blir i leiargruppene i klinikkane informert om retningsliner for bierverv. HR vil halde fram rutinen med å sende årleg rapport med oversikt over bierverv i klinikk til nivå 2-leiarar, samt arbeide med å få korrekt registrering av bierverv. Retningslinene knytt til bierverv vert vidareført.

Konklusjon

Styret tek administrerande direktør si orientering om bierverv i Helse Førde til vitende.